

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
075/19	Plan- og kommunalteknisk utval	PS	12.06.2019
	Plan- og kommunalteknisk utval	PS	
040/19	Formannskapet	PS	05.06.2019
	Formannskapet	PS	
047/19	Heradsstyret	PS	19.06.2019

Saksbehandlar	ArkivsakID
Sture Helle	17/2264

Lokal føresegn om utslepp av sanitært avlaupsvatn, høyring.

Vedlegg:

Lokal forskrift utslepp Osterøy_23052019

Notat til FS handsaming av sak 04019 den 05062019 samt PL sak 07519 om utlegging av lokal føresegn om utslepp av sanitært avlaupsvatn for høyring

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i ureiningslova, § 12-6 i ureiningsføresegna vert framlegg til lokal føresegn om utslepp av sanitært avlaupsvatn send på offentleg høyring.

Formannskapet - 040/19

FS - behandling:

Ordføraren gjorde slikt framlegg om tillegg til vedtak: "Med heimel i ureiningslova, § 12-6 i ureiningsføresegna vert framlegg til lokal føresegn om utslepp av sanitært avlaupsvatn send på offentleg høyring, jfr. forvaltningslova § 37."

Alf T. Mortensen, FRP, gjorde slikt framlegg: "Saka vert sendt tilbake til administrasjonen for utgreiing av kva konsekvensar det vil føre til for eigedomar innafor dei ulike sonene." Framlegget vart trekt før avrøysting.

Kjersti Vevatne, V, gjorde slikt framlegg: "Rådmannen presiserer betre kva krav som ligg i dei ulike soneinndelingane, slik at det vert klarere kva tid krav til VA-plan vil slå inn."

Kjersti Vevatne, V, gjorde slikt framlegg: Rådmannen presiserer betre kva som meines med "vesentleg auke", slik at det vert klarere kva tid krav til VA-plan vil slå inn. Framlegga vart trekte før avrøysting.

Johannes Bysheim, AP, gjorde slikt framlegg: "Rådmannen presiserer betre kva som meines med "vesentleg auke", slik at det vert klarere kva tid krava i planen vil slå inn."

Alf Terje Mortensen, FRP, gjorde slikt framlegg: "Saka vert sendt tilbake til administrasjonen for bedre opplysning av kva konsekvensar det vil føre til for eigedomar innafor dei ulike sonene. Her særskilt sone 2 og 3 må opplysast betre. Kor stort tiltak går det an å gjennomføre før det vert krav om VA-plan? Kan det søkjast om alternative løyve om til dømes Reinseanlegg som alternative løysingar?"

AVRØYSTING - utsetjing

Alf T. Mortensen sitt framlegg	-	4 røyster (2FRP, 1H,1SP)
Johannes Bysheim sitt framlegg	-	5 røyster (2AP, 1MDG, 1V,1KRF)

FS - vedtak:

"Saka vert utsett.

Rådmannen presiserer betre kva som meines med "vesentleg auke" , slik at det vert klarere kva tid krava i planen vil slå inn."

Plan- og kommunalteknisk utval - 075/19

PL - behandling:

Utvalsleiar gjorde slikt framlegg: "Saka vert utsett inntil spørsmål frå formannskapet er avklarte, jfr. handsaming av saka i formannskapet 05.06.19."

AVRØYSTING - utsetjing

Utsetjingsframlegget vart samrøystes vedteke.

PL - vedtak:

"Saka vert utsett inntil spørsmål frå formannskapet er avklarte, jfr. handsaming av saka i formannskapet 05.06.19."

Heradsstyret - 047/19

HS - behandling:

Ordføraren gjorde merksam på utsend notat i saka til møtet i heradsstyret.

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg	-	samrøystes vedteke
-------------------------	---	--------------------

HS - vedtak:

"Med heimel i ureiningslova, § 12-6 i ureiningsføresegna vert framlegg til lokal føresegn om utslepp av sanitært avlaupsvatn send på offentleg høyring."

Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

Kommunen handsamar i dag søknad om utslepp av sanitært avlaupsvatn frå bustad og fritidsbustad

administrativt etter nasjonal føresegn om ureining, kap 12 med krav til utslepp av sanitært avlaupsvatn frå bustad , hytter og liknande. Kommunen hadde tidligare lokal føresegn om utslepp frå separate avlaupsanlegg. Føresegna vart oppheva etter nytt regelverk jf. ureiningsføresegna FOR-2004-06-01- 931 § 12-17. Kommunen kan fastsette lokal føresegn dersom det er naudsynt ut i fra ureinande tilhøve eller brukerinteresser. Krav i lokal forskrift skal erstatte krav i § 12-7 til § 12-13.

§ 12-6. Lokal forskrift

Kommunen kan fastsette lokal forskrift dersom det er nødvendig ut i fra forurensningsmessige forhold eller brukerinteresser. Kravene i lokal forskrift skal erstatte kravene i § 12-7 til § 12-13.

Kommunen har no nytta den nasjonale føresegna om ureining, jf. ureiningsføresegna kap. 12. Den nasjonale føresegna er ikkje tilpassa dei stadeigne tilhøva i kommunen. Handsaming etter nasjonal føresegn er difor ikkje optimal, og er utfordrande for både søkjar og sakshandsamar.

Eit løyve om utslepp frå sanitært avlaupsvatn vil uansett krav til strengaste reinsegrad ureine gjeldande resipient til ein viss grad, maksimal rensing er 90%. Handsaming av utslepp må difor baserast på god kunnskap om gjeldande resipientar og ha gode retningslinjer for kva type anlegg som kan godkjennast.

Rådmannen har sett trongen for å få på plass ein ny lokal føresegn i Osterøy kommune og har sett i gang arbeidet med å lage eit framlegg til ein slik føresegn. Prosessen med lokal føresegn treng politisk forankring og rådmannen legg difor saka fram for politisk handsaming.

Denne saka vart først handsama i sak 120/17 i Plan- og kommunalteknisk utval den 27.09.2017.

Her vart gjort slikt vedttak:

"Saka vert utsett for å få fram meir informasjon."

Råmannerhar etter dette teke del i arbeidet med lokal føresegn gjennom samarbeidet i Nordhordaland. Dette arbeidet munna ut i ei felles føresegn som er tilpassa lokale tilhøve, det er ei lokalt tilpassa utgåve av denne som no vert lagd fram for høyring.

I 2007 vart vassføresegna implementert i norsk lovverk, som svar på EU sitt rammedirektiv for vatn. Vassføresegna er heimla i plan- og bygningslova, forurensningslova og vassressurslova. Gjennom EU sitt vassdirektiv er Noreg pliktige til å forvalte alt vatn etter vassføresegna. Forvaltning av vatn skal skje etter nedslagsfelt, på tvers av sektorar, kommune- og fylkesgrenser. For å nå dette målet har ein laga ei føresegn heimla i plan- og bygningslova, ureiningslova og vassressurslova . Målet med vassføresegna er at alle vassførekosmtar skal oppnå minst god økologisk og kjemisk tilstand. Klima- og miljødepartementet er ansvarleg mynde for gjennomføringa av EU sitt rammedirektiv for vatn i Noreg. Vassføresegna deler Noreg inn i vassregionar og vassområder. Osterøy er ein del av Hordaland vassregion i Voss-Osterfjorden vassområde. Fylkeskommunen er vassregionmynde og er

ansvarlege for å utarbeide regionale planar for vassregionen og vassområda. For å fastsette ein tilstand på ein vassførekomst vert klassifiseringssystemet brukt. Klassifiseringssystemet tek utgangspunkt i naturtilstanden, som er ein tilstand utan menneskeleg påverknad. Klassifiseringssystemet gjev konkrete klassegrenser for ein rekke kjemiske, fysiske og biologiske parametere som har tyding for miljøtilhøve i dei ulike vassførekomstane. I tillegg til overvåkingsdata og ekspertvurderingar danne dette det kunnskapsbaserte grunnlag for å avklare den totale økologiske og kjemiske tilstanden for ein vassførekomst. Tilstanden til vassførekomsten vert klassifisert i ein av dei fem klassene frå svært god til svært dårleg etter kor store avvik vassførekomsten har i frå naturtilstanden.

Grensa mellom moderat og god økologisk tilstand er avgjerande i samanheng med vassføreseigna, fordi den er det viktigaste grunnlaget for å definere miljømål for naturlege vassførekomstar. For vassførekomstar som ligg under denne grensa skal det iverksetjast tilstrekkeleg miljøforbedrande tiltak slik at miljømålet om god økologisk tilstand vert nådd.

Ein har og lagd til grunn dei avgrensingar som kommuneplanen sin arealdel legg på ulike areal.

Konklusjon

Rådmannen rår til at Osterøy kommune har lokalt tilpassa føresegn. Dette vil gavne innbyggjarane. Ein høyringsprosess vil gje moglegheiter for innspel.

Rådmannen rår til å sende vedlagde framlegg til lokal føresegn med sonekart ut på høyring.